

**KONTROLLUTVALET I  
GISKE KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 22.09.2015 kl. 13.00  
Møtestad: Giske rådhus

Møtet vart leia av Dag Oksnes.

Elles til stades: Anne Lise Hessen Følsvik og Harald Hole

**= 3 voterande**

Arnfinn Rune Giske og Ruth Roald hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.  
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.  
Frå Giske kommune møtte rådmann Marit Larsen, kommunalsjef Lene Bjørlo Overå og teknisk sjef Olav Megrund.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 12/15  
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 19. MAI 2015**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 19. mai 2015 blir godkjent.

**SAK 13/15  
BEKYMRINGSMELDING FRÅ ELDRERÅDET**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 16.09.2015

Bekymringsmeldinga omhandlar det forholdet at ei sak i eldrerådet har blitt stoppa av rådmannen. Det kan sjå ut for at eldrerådet tek utgangspunkt i ei enkeltsak, men temaet denne saka omhandlar ville lett kunne bli behandla som ei generell sak som ligg innanfor eldrerådet sitt kompetanseområde. Rådmannen vinklar saka som ei enkeltsak som inneheld mykje informasjon som er underlagt lovbestemt teieplikt. I

slike situasjonar bør det nok bli sett fokus på korleis ein kan løfte problemstillingar frå ei enkeltsak over på eit prinsippielt nivå.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 14/15  
STENGING AV VEG/OMRÅDE VED ASFALTERING**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 16.09.2015

Teknisk sjef Olav Megrund ga ei orientering om kommunen og entreprenørar sine rutinar for varsling og når det er mulig å skille mellom akutte situasjonar og planlagte stengingar. Han kom også inn på at manglande varsling kan vere eit resultat av svikt i rutinar.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 15/15  
STATUS FOR GJENNOMFØRING AV PROSJEKT I INVESTERINGSBUDSJETTET.**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 16.09.2015

Teknisk sjef Olav Megrund orienterte. Problem med grunnavståing har sinka gjennomføringsgraden. Han delte ut ein kommunestyredokument der dette temaet var belyst og der ubrukte midlar blir overført til 2016. Kommunestyret har behandla saka.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Dag Oksnes  
leiar  
(sign.)

Anne Lise Hessen Følsvik  
nestleiar  
(sign.)

Harald Hole  
medlem  
(sign.)